



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Detaljreguleringsplan for E16 –Nærøydalen, pl.id. 2013008- Melding om godkjent plan

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 har Voss Kommunestyre i møte 17.11.2016, sak 68/16, godkjent detaljreguleringsplan for E16 – Nærøydalen, planid 2013008 slik det går fram av plankart, føresegner og planomtale datert 07.10.16, signert Statens vegvesen.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ca 850 meter ny veg i dagen og 6,3 km veg i tunnel. I Voss kommune er det også avsett to større areal til bruk i anleggsfasen og til plassering av overskotsmassar.

Kommunestyret sitt vedtak kan påklagast til Fylkesmannen av den som er part eller har rettsleg klageinteresse. Klagefristen er 3 veker frå denne kunngjeringa eller når partane har mottatt informasjon om vedteken plan. Klagen skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Voss kommune, jfr. § 12-12 og § 1-9 i plan- og bygningslova, og §28 i forvaltningslova. Klagen bør grunngjevast.

Verknaden av stadfesta detaljreguleringsplan framgår av § 12-4 i plan- og bygningslova. Planen er bindande for alt arbeid og tiltak som vert sett i verk innanfor planområdet. Det vert ellers vist til kapittel 15 om innløyising og erstatning. Krav om erstatning eller innløyising som følgje av reguleringsplanen må vera sett fram skriftleg til Voss kommune innan 3 år frå denne kunngjeringa. Krav om erstatning etter § 15-3, som gjeld utnytting av naboeigedomar, har ein frist på 3 månader etterat byggeløyve er gjeve.

Dokument i plansaka er lagt er utlagt i Servicetorget i Tinghuset på Voss, og er tilgjengeleg på Voss kommune si heimeside; <http://www.voss.kommune.no/> Gå inn på sjølvbetjening og planregister og søk på planid 2013008.

Med helsing
Voss kommune
Plan

Zehra Causevic

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

